



2015-2022

Kommunedelplan kulturbrygg, idrett og friluftsliv Fyresdal kommune



Fyresdal kommune

2015-2022

Forord

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Fyresdal kommune er eit strategisk plandokument som leggjast til grunn for vidare planlegging innan feltet kulturygg, idretts- og friluftsanlegg i perioden 2015-2022. Denne planen er laga med utgangspunkt i rettleiarene "Kommunalplanlegging for idrett og fysisk aktivitet" som er utarbeida av kultur- og kirkedepartementet, revidert utgåve 2014.

Fyresdal kommune skal vere blant dei beste i landet på folkehelse. Med dette som utgangspunkt, blir prioritering og anleggplanlegging i samband med dette særskilt viktig.

Vi har eit mangfold av anlegg i kommunen og innbyggjarane har mange forskjellige tilbod innan kultur, idrett og fysisk aktivitet. Kommunen har satsa på fotball, symjing, skiskyting og nærmiljøanlegg sentrum, og barn og unge har tilgang til gratis bruk av idrettsanlegg.

Denne planen har fokus på anlegg knytt til kulturygg, idrett og friluftsliv, men for å få eit aktiv idretts- og folkehelsetilbod, er ein heilt avhengig av eldsjeler og dugnadsinnsats..

Fyresdal kommune har i mange år hatt som mål å stimulere til høg aktivitet i lag og organisasjoner, fordi det friviljuge arbeidet går føre seg der. Med ein god plan for kulturygg, idrett og friluftsliv ynskjer ein å vidareføre og styrke dette gode og svært viktige arbeidet.


Ein føresetnad for realisering av prioriterte tiltak er oppfølging i kommunens økonomiplan for dei tiltak/anlegg som krev kommunale midlar og kommunalt forsøkt på spelemidlar. Det seiste ein tradisjon som Fyresdal kommune er ganske unik på samanlikna med andre kommunar både i Telemark og Noreg. Kommunen si største utfordring er drift og vedlikehald av eksisterande anlegg.

Idrett og friluftsliv har både ein eigenverdi og ein nytteverdi. Eigenverdi i form av opplevelingar som glede, meistring og prestasjonsutvikling, i tillegg til å skape sosiale fellesskap, trygge oppvekstmiljø og levande lokalsamfunn. Idrett og fysisk aktivitet har også ein nytteverdi gjennom helsefremjande effektar av at innbyggjarane er aktive. Forsking og erfaring viser at å vere i god fysisk form heng saman med god psykisk helse og sosiale dugleikar.

Med ønske om eit godt aktivitetsliv takkar vi alle i lokalsamfunnet for gode innspel til planen!

Rådmann

Kulturkonsulent



Dans og turmgruppa i kulturskulen

Innhold

Forord	1
1 Innleiring	4
1.1 Generelt.....	4
1.2 Planprosessen.....	4
1.3 Mandat	5
2 Rammevilkår og føringar.....	6
2.1 Nasjonale føringar	6
2.2. Regionale føringar	7
2.3. Lokale planar og utgangspunkt i Fyresdal.....	8
2.4 Økonomiske verkemiddel.....	9
2.5 Forhold til kommuneplanen.....	9
3 Demografi, befolkningsutvikling, behov og etterspørsel	10
3.1 Status	10
3.2 Forventa utvikling.....	10
4 Visjon og overordna mål	11
4.1 Resultatvurdering av førre plan.....	12
5 Tilstandsrapport, fysisk aktivitet og helse	13
5.1 Organisert Idrett (Idrettslaga).....	13
5.2 Friluftsliv	14
5.3 Idrett og integrering.....	15
6 Nosituasjon for idrett- og friluftsliv i Fyresdal	15
7 Nosituasjonen for kulturbygg i Fyresdal	17
8 Vurdering av aktivitet og framtidige behov	18
8.1 Innspel.....	18
8.2 Vurdering av behov.....	19
Hytteundersøking og resultat frå "Heim=Fyresdal".....	19

8.3 Idrett	20
Fleirbrukshall:	20
Fyresdal skiskyttarlag	20
Fyresdal skyttarlag	21
Hugljufur Islandshestforening:	21
Fyresdal Motorsportklubb:	21
Fyresdal Flyplass:	21
Generelt om idrett:	22
8.4 Friluftsliv	22
Toppturar:	22
Badestrender:	22
Vandrarkommune:	22
Jakt og fiske:	22
Hamaren Aktivitetspark:	22
Friluftsråd:	22
Skiløyper:	22
8.5 Kulturbrygg	23
Samfunnshus:	23
Fyresdal bygdemuseum:	23
Kyrkjene MED BETEL:	23
Grendehusa:	24
9 Vedlikehald, drift og ansvar	24
10 Tiltak	24

Vedlegg til planen frå side 26

- Omgrep
- Oversyn over prioriterte anlegg dei seiste fire åra
- Anleggsoversyn med anleggsstatus
- Sti- og løypeplan Birtedalen
- Sti og løypeplan Våmur
- Kart over eksisterande og planlagde anlegg

- Kjelder
- Handlingsprogrammet (rullerast kvart år)

1 Innleiing

1.1 Generelt

Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv for perioden 2011-2014 går ut med dette årsskiftet, og tida er no komen for å utarbeide ein ny plan med verknad frå 2015 til og med 2022. Det er ikkje lenger krav om full revisjon kvart 4. år, så difor vil denne planen gjelde i åtte år. Kommunedelplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv er ein tematisk plan, og ein del av det kommunale plansystemet.

Førre plan vart vedteken av kommunestyret i Fyresdal i november 2010, med verknad for 2011-2014. Kulturdepartementet stiller krav om at alle anlegg som ein ynskjer å søke om spelemidlar til skal vere med i ein vedteken delkommuneplan for idrett og friluftsliv.

Målet med planen er å få eit godt styringsverktøy for dei ulike sektorane i Fyresdal kommune, samt å koordinere utbyggings- og rehabiliteringsprosjekt i regi av lag og organisasjonar i kommunen.

I år 2000 kom det krav frå departementet om at det også skulle lagast plan for kulturbygg. Sidan Fyresdal er ein liten kommune fann ein det føremålstenleg å lage ein felles plan for dei nemnde områda.

Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv skal ha små revideringer kvart år. Det vil seie at handlingsprogrammet skal justerast, ein gjer ingenting med tekstdelen av planen. Dersom ein skal søkje om spelemidlar til eit anlegg er det krav om at anlegget er med i handlingsprogrammet, i ein vedteken plan for idrett og friluftsliv

Framlegg frå lag og organisasjonar/idrettsråd til handlingsprogram – plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv, leggast fram for formannskapet innan 15. september kvart år. Formannskapet vurderer om mogleg innarbeiding av framlegg i sitt budsjett og endeleg framlegg til handlingsprogram – plan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv leggast ut til politisk handsaming parallelt med budsjett/økonomiplan

1.2 Planprosessen

Planen har hatt fylgende framdrift:

13.02.2014	Vedtak i formannskapet, varsel om oppstart av planarbeid i planutvalet, etter pbl. § 11.2
Innan 01.03.2013	1. møte i arbeidsgruppa, kor ein drøfta disposisjon og prosess
April 2014	Ope møte/folkemøte
15.05.2014	Frist for lag og organisasjonar til å kome med innspel/anlegg dei ynskte inn i planen
15.05-01.09.2014	Arbeidsgruppa jobba med framlegg til plan
09.09.2014	Formannskapet legg planen ut til høyring
15.09-01.11.2014	Framlegg til plan ute til høyring

November 2014
Desember 2014
11.12.2014

Omskrivingar etter høyringsrunden, klargjering politisk handsaming
Handsaming Rådet for eldre og menneskje med nedsett funksjonsevne
Handsaming i kommunestyret

I samarbeid med kommunane Tokke, Kviteeid og Vinje, blei det i januar 2014 haldt eit møte, nettopp med tanke på oppstart av dette arbeidet i respektive kommunar. Det er tett dialog med Telemark fylkeskommune sin idrettskonsulent i arbeidet med planen, og to representantar frå Telemark fylkeskommune var til stades på møtet.

Ein la opp til folkemøte i april 2014 for å sikre medverknad, og sjølvsagt få gode innspel.

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe med eit framlegg til plan som skal ut på høyring haust 2014.

Arbeidsgruppa

Politikar
Politikar
Representant Fyresdal bygdemuseum
Barnas representant
Representant frå Idrettsrådet
I repr. Frå kultur, musikk, 4H
Skyttarlaget
Kommunalsjef kultur og oppvekst
Kulturkonsulent og sekretær

Tone Irgens Veum
Christin Skansen
Ingun Momrak-Haugan
Kristine Berthelsen
Kristine Berthelsen
Sarke Veum
Tor Inge Levang
Tron Armand Støle
Hilde Martini Momrak



Bilete: Hege Aketun i aksjon,
foto Øystein Øygarden

1.3 Mandat

Lage ein plan som skal vere eit godt styringsverktøy for dei ulike sektorane i Fyresdal kommune, samt å koordinere utbyggings- og rehabiliteringsprosjekt i regi av lag og organisasjonar i kommunen. Dette skal skje i samsvar med retningsliner i V-0798 B Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet frå kulturdepartementet.



2 Rammevilkår og føringer

2.1 Nasjonale føringer

"Staten har som mål å legge til rette for at flest mulig skal kunne utøve idrett og fysisk aktivitet."

Utforming av statens politikk på dette feltet er nedfelt gjennom tre departement:

- Kulturdepartementet (KUD) har ansvar for politikkutforming på idrettsområdet.
- Miljøverndepartementet har ansvar for utformingen av statens friluftspolitikk.
- Helse- og omsorgsdepartementet har ansvar for politikkutforming av statens helsefremjande og førebyggjande arbeid.

Mål og rammer for den statlige politikken blir formidla gjennom ulike stortingsmeldingar, retningsliner, rundskriv for tilskotsordningar med meir.

I dette plandokumentet har fylgjande meldingar relevans:

Stortingsmelding nr.14 (1999-2000) "Idrettslivet i endring"

Stortingsmeldinga strekar under kor viktig det med kommunale og fylkeskommunale planar for idrett og fysisk aktivitet. I tillegg til å vere eit krav og styringsverktøy for tildeling av spelemedialar, er det lagt vekt på at dette ikkje skal vere ein einsidig anleggsplan, men ein strategi for at heile folket skal ha høve til å drive idrett og fysisk aktivitet, både i organiserte og eigenorganiserte former.

Stortingsmelding nr.39 (2000-2001) "Friluftsliv - En veg til høyere livskvalitet"

Her legg ein vekt på at heile befolkninga skal ha gode moglegheiter til å drive friluftsliv som helse- og trivselsskapande aktivitet kvar dag.

Stortingsmelding nr.23 (2001-2002)"Bedre miljø i byer og tettsteder"

Denne stortingsmeldinga har som formål å verne friluftslivet sitt naturgrunnlag og å sikre fri ferdsel for ålmenta, samt at mogleheitene for å utøve friluftsliv blir tatt vare på.

Stortingsmelding nr.16 (2002- 2003)"Resept for et sunnere Norge – Folkehelsepolitikken"

Helsedepartementet med handlingsplanen; **"Sammen for fysisk aktivitet - Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009"**. Desse planane sei noko om å tilretteleggje, skape gode føresetnadalar, byggje alliansar, kunne tilby lavterskelttilbod i kommunar for å skape så mykje aktivitet som mogleg.

Stortingsmelding nr. 26 (2011-2012) "Den norske idrettsmodellen"

Her har vi ei vidareføring av tidlegare satsing: "Idrett og fysisk aktivitet for alle". I tillegg sei meldinga noko om at dei ynskjer å styrke satsinga for dei med nedsett funksjonsevne, og dei som er inaktive. Dei strekar og under kor viktig det er med både breidde og toppidrett.

Stortingsmelding nr. 34 (2012-2013) "Folkehelsemeldinga"

Formålet med denne meldinga er å utvikle nye samarbeidsformer i alle ledd i samfunnet for å styrke folkehelsa i Noreg.

Lov nr. 29 (2011): "Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven)"

Formålet med denne loven er å bidra til ein samfunnsutvikling som som gjeng i retning av å styrke folkehelsa og å jamne ut sosiale helseforskellar. I denne loven får kommunen eit meir heilhetleg ansvar for folket sin helse. Kommunen må ha eit oversyn over helsetilstanden i befolkninga og sette i gang naudsynte tiltak, gje råd, informasjon og rettleiing for å møte folkehelseutfordringar i kommunen.

Universell utforming

I 2009 kom regjeringa sin handlingsplan "*Norge universelt utformet 2025*", ein plan for universell utforming og auka tilgjengeleight. Universell utforming betyr at produkt, byggverk, anlegg og uteområde som er i alminneleg bruk, skal formast på en slik måte at alle menneske skal kunne bruke dei på ein likestilt måte så langt det er mogleg, utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel. Alle idrettsanlegg ute og inne, har over fleire år hatt krav om universell utforming. Det kan likevel vere eldre anlegg som må oppjusterast for å møte krav om universell utforming. Kulturdepartementet gav ut rettleiaren "**Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg**" i april 2012, og her kan ein finne praktiske løysingar i høve krav om universell utformin



Flotte skiskyttarar på rølleskirenn

Rikspolitiske retningslinjer

Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for å styrke barn og unge sine interesser i kommunal planlegging, handlar mellom anna om å sikre barn eit oppvekstmiljø som gjev tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknadar. Kunnskap om kva som er fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar i forhold til barn sine behov endrar seg over tid. Dette stiller krav til kommunenes planlegging, ikkje minst i forhold til gode oppvekstmiljø og til å gjere rette vurderingar i saker, der barns interesser kjem i konflikt med andre interesser. RPR for barn og unge og RPR for samordna areal- og transportplanlegging er viktige i arbeidet med tilrettelegging av områder og areal for barn og unge.

2.2. Regionale føringar

Gjennom plan- og bygningsloven er fylkeskommunen pålagt å sjå til at det innan fylkets områder skjer ei løpende planlegging.

I Stortingsmelding nr. 41 (1991-92) "**Om idretten**" står det at offentleg idrettspolitikk skal realiserast "I et samspill mellom kommune, fylkeskommune, staten og de frivillige idrettsorganisasjonene på de tre forvaltningsnivåene. Det er det offentliges ansvar å planlegge, bygge og drive idrettsanlegg." Alle fylkeskommunar har vedtekne planar for idrett og fysisk aktivitet, herunder friluftsliv.

I Telemark fylkeskommune "**Strategiplan for idrett og friluftsliv**"(2011-2014) er visjonen "sammen om tilrettelegging for økt hverdagsaktivitet".

Norges idrettsforbund, Telemark idrettskrets har laga "**Handlingsplan for Telemark idrettskrets 2012-2015**". Visjonen "idrettsglede for alle" skal prege både organisasjonsarbeidet og aktivitetspolitikken i Telemark.

Telemark Fylkeskommune har i 2014 vedteke "**Strategi for kultur og kulturarv 2014-2015**", kor hovudsatsingsområde er: Verdsarvstatus for Notodden Rjukan og vidareutvikling av Telemarkskanalen regionalpark. Andre hovudsatsingsområde er nybygg for Telemark Museum, og

utvikling av Teater Ibsen til eit regionalt formidlingssenter. I tillegg er det ynskjeleg å vere eit bindeledd, og skape nettverk for profesjonalisering på dei ulike fagområda.


2.3. Lokale planar og utgangspunkt i Fyresdal

Fyresdal kommune sin visjon i kommuneplanen sin samfunnsdel er:

Fyresdal – gjer draumen levande

Gjennom handlekraft, fleksibilitet og utradisjonelle løysingar, skal Fyresdal vere ein framifrå stad å bu og virke.

- Auke folketalet for å trygge offentlege og private tilbod
- Handlekraft og kreativitet skal prege næringsarbeidet i Fyresdal slik at nåverande og nye bedrifter får lyst og mot til å satse
- Arealforvaltninga skal ta omsyn til busetjing, næringsliv og naturkvalitetar
- Helse og omsorg med helsefremmande, førebyggande arbeid og fleire gode levekår for alle
- Skule og kultur skal spele ei nykelrolle i utvikling i kommunen
- Arbeide for å sikre gode kommunikasjons- og samferdselsårer i Vest Telemark
- Fyresdal kommune skal vere blant dei beste i landet på folkehelse



Folkehelseplanen:

Det ligg føre strategi og tiltaksplan for folkehelsearbeid i Fyresdal kommune 2014-2017.

Folkehelseplanen har status som fagplan/temaplan og er retningsgjevande for sektroane sitt arbeid og prioriteringar.

Då folkehelseplanen og kommunedelplan for kulturygg, idrett og friluftsliv er nært knytt saman, forventar ein å få god effekt av å spesielt handtere desse planane saman.

Definisjon på folkehelse:

"Folk si helse og korleis denne fordelar seg i alle fasar av livet"

Folkehelsearbeidet skal hjelpe til med å gje ei god helse og betre levevilkår for alle. Folkehelse høyrer ikkje berre til sektor for helse og omsorg, men er eit overordna mål for alle sektorene. God helse er ein ressurs og føresetnad for andre mål som t.d. eit produktivt arbeidsliv, effektiv læring og overskot til å delta i friviljug arbeid. I tillegg vil ein oppnå ein friskare alderdom med reduserte kostnadar for den enkelte og samfunnet i form av enklare helse- og omsorgstenestar, lågare sjukefråvær og mindre trygdeytigar.

I Fyresdal kommune sin økonomiplan for 2014-2017 er ein av hovudmålsettingane:

Fyresdal kommune skal vere blant dei beste i landet på folkehelse. "Strategi og tiltaksplan for folkehelsearbeid i Fyresdal kommune" vil difor vere eit styringsdokument knytt saman med allereie eksisterande arbeid, til fremjing av eit godt folkehelsearbeid over tid. Fyresdal kommune har etablert samarbeidsavtale med Telemark fylkeskommune der folkehelse er eit av tre sentrale tema.

Under punkt 8.2.2, kulepunkt 6 sei strategien at det er viktig å:

Prioritere midlar til idretts- og kulturformål slik at kostnader for familiær kan haldast nede.

2.4 Økonomiske verkemiddel

Det offentlige har følgjande verkemiddel for å stimulere til utvikling av kulturbrygg, idrett og fysisk aktivitet i Fyresdal kommune:

- Spelemidlar frå Kulturdepartementet. Under her og Grasrotmidlar og Lokale Aktivitetsmidlar (LAM-midler)
- Miljøverndepartementet - Midlar til friluftsaktiviteter og friluftsområder
- Kommunal og regionaldepartementet - utviklingsmidlar
- Miljøtiltak i landbruket
- Fylkeskommunale og kommunale midlar
- Telemark Utviklingsfond
- Momskompensasjon og momsrefusjon for idrettslag innført i 2010

Andre økonomiske verkemiddel som er moglege for å stimulere til aktivitet:

- EUs Interreg.-middel (Eks. Euromontana etc.)
- Private fond og sponsorverksemder
- Midlar retta mot bedriftsidrett
- Dugnadsbaserte verkemiddel i lokalsamfunnet
- Sponsing frå lokalt næringsliv

2.5 Forhold til kommuneplanen

Kommunedelplan for kulturbrygg, idrett og friluftsliv er ein tematisk plan og ein del av det kommunale plansystemet. Det er viktig å sikre at behov for areal i samband med handlingsprogrammet i planen, er ivaretatt i kommuneplanen sin arealdel.

Her er dei områda som vi veit det kan kome søknad om anleggsutvikling i:

Namn	Kva anlegg	Stad	Avsett areal i arealplan
Fyresdal motorsportsklubb	Motorsportanlegg	Flyplassen	Ja
Fyresdal kommune	Hamaren Aktivitetspark	Hamaren	Ja
Fyresdal idrettslag	Fleirbrukshall	Sentrums ikkje heilt avklart	Uavklart
Birtedalen Løypelag	Oppgradering av løyper	Birtedalen	Eigen sti og løypeplan
Våmur Løypelag	Oppgradering av løyper	Våmur	Eigen sti og løypeplan
Fyresdal skiskyttarlag	Utvikling av løpenett	Skiskyttarstadiion Veum	Ja
Fyresdal Bygdemuseum	Nytt museumsbygg	Folkestadbyen Øyskogen	Uavklart
Hugljufur Islandshestforening	Stall og ridehall	Dynja Industriområde	Uavklart

3 Demografi, befolkningsutvikling, behov og etterspørsel

3.1 Status

- Fyresdal kommune er i innbyggjartal den minste kommunen i Telemark, med 1303 innbyggjarar pr. 31.12.2013. Med sine 1280 km² er det bortimot ein kvadratkilometer til kvar innbyggjar å boltre seg på.

3.2 Forventa utvikling

Innbyggjartalet har i lang tid vore synkande. Per 1. januar 2000 hadde Fyresdal kommune 1353 innbyggjarar. På same tid i 2014 var folketalet 1303.

Folketalet har i tidslina 1972 og fram til i dag hatt ein folketalsreduksjon på – 11,5%, samstundes som folketalet i landet auka med 42,2%. I 1972 budde det rett i overkant av 1500 innbyggjarar i Fyresdal kommune.

Gjennomsnittleg alder på innbyggjarane var i 2013 41,51 år. Vidare er 25% i aldersgruppa 0-19 år, 58,7% i aldersgruppa 20-66 år og 16,0% i aldersgruppa 67+. Dette er ein noko høgare aldersgjennomsnitt enn for landet elles, der 13,3% av innbyggjarane er over 67 år. Fyresdal kommune har også nokre fleire menn enn kvinner i 2013. Når ein samanliknar tala frå år 2000, er det ingen vesentlege endringar i alderssamansettning, det er nedgangen i folketalet som er det gjennomgående.

Årstat/Aldersgruppe	2000	2013
Gjennomsnittleg alder på innbyggjarar	40,9	41,5
0-19 år	26%	25%
20-66 år	57%	59%
67 år og over	17%	16%

Befolkningsframskrivning i tal pr. aldersgruppe for Fyresdal (Kjelde: SSB Statistikkar for Fyresdal kommune)

0831 Fyresdal	Alder	År 2014	År 2018	År 2022	År 2026	År 2030
	1-66 år	1077	1032	1017	994	964
	67-79 år	154	177	188	201	214
	80 år +	72	67	67	83	104
	Totalt	1303	1276	1272	1278	1282

Ut frå tabellen kan ein sjå at 17% av befolkninga er over 67 år i 2014. Ved ein nøktern prognose for befolkningsutvikling frå SSB, vil 25% av befolkninga i Fyresdal vere over 67 i 2030. Denne utviklinga skapar svært store utfordringar for heile samfunnsstrukturen frametter. Ein aldrande befolkning vil medføre større press på helse- og eldrenester. Det vil bli behov for å rekruttere fagfolk til desse sektorane, og ein større del av kommunens ressursar må gå til dette feltet. For utvikling i folkehelse blir det vesentleg å sikre fornying i befolkning, gode tilbod drivne av ei stadig mindre gruppe, samt fasilitetar som sikrar tilflytting og rekruttering.

Målsetjing om auke i folketalet er avgjerande for vidare utvikling av gode tilbod for innbyggjarane. I desse dagar går ein debatt om moglege kommunesamslåingar, og det er svært usikkert om Fyresdal kommune vil bestå som eigen kommune om fem år. Uavhengig av kommunegrenser er det viktig å ha eit solid tilbod innan kulturbygg, idrett og friluftsliv. Det vil sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge, god helse for heile befolkninga og som ein følge av dette, betre rammevilkår for heile kommunen. Fyresdal kommune er også avhengig av turisme, og nyleg gjennomført hytteundersøking seier klart at betre og fleire skiløyper er eit ynskje frå hytteeigarane. I tillegg er det ynskjeleg med kulturtildob. Dei som er blitt spurt i prosjekt "Heim=Fyresdal" er og tydelege på at idrettshall, kulturtildob og skiløyper er viktige element på vektskåla, når ein vurderer å flytte til Fyresdal.

Anbefalt minimumsnivå når det gjeld fysisk aktivitet i forhold til helsegevinst er 30 minuttar dagleg med moderat belasting. Dette gjeld for vaksne og friske eldre. Ei kartlegging av fysisk aktivitetsnivå hos den vaksne befolkninga frå 2009 visar at bare 20% tilfredstiller desse krava. Vaksne som driv idrett eller fysisk aktivitet gjer dette eigenorganisert eller i stadig større grad i private treningssentre. Det viktigaste det offentlege kan bidra med mot denne gruppa er utbygging av idrettsanlegg og sikring av område der aktiviteten kan skje. Også for inaktive vil ein tilpassa anleggsutvikling vere viktig.

4 Visjon og overordna mål

For å følgje opp målsetjingane i kommune- og økonomiplanane ynskjer ein å ha følgjande hovudmål i plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv:

SAMAN OM TILRETTELEGGING AV ØKT AKTIVITET FOR ALLE

- At flest mogleg av Fyresdal kommune sine innbyggjarar og besökjande, på ein enkel måte, kan ta i bruk dei naturgjevne ressursane i Fyresdal
- Fyresdal kommune skal i samarbeid med lag og organisasjonar legge til rette for fysisk aktivitet. Det skal også leggjast til rette for uorganisert aktivitet, friluftsliv, badestrender, jakt, fiske, og eit rikt og variert kulturliv.
- Kommunen skal medverke til å skape møteplassar som er attraktive for innbyggjarane.
- Kultur skal brukast offensivt for å auke trivselen i kommunen. Det leggjast vekt på at det vert lagt til rette for å løyse ut initiativ og engasjement hjå friviljuge organisasjonar og privatpersonar.



4.1 Resultatvurdering av førre plan

Nedanfor er det lista opp tiltak som vart sett for å nå måla i førre planperiode:

Tiltak	Oppnådd/realisert
Oppretthalde tilskot til idrett og kulturføremål	Mål nådd
Opprusting av utearealet ved Gimle skule	Mål nådd
Bidra økonomisk ved realisering av store kostnadskrevjande anlegg	Delvis nådd mål, sjå under
Bidra økonomisk til at Fyresdal Bygdemuseum får betre utstillingslokale.	Mål ikkje nådd
Kulturavdelinga ynskjer å bidra til eit aktivt og positivt idretts- og friluftslivsmiljø, mellom anna gjennom oppdatert kunnskap på tilskotsordningar innan fagområde.	Mål nådd
Stimulere til merking av turløyper av alle slag.	Mål nådd
Stimulere til oppkjøring av fleire skiløyper	Mål ikkje nådd
Stimulere lag og organisasjonar til å nytte spelemiddelordninga	Mål delvis nådd

Det har ikkje blitt fleire oppkjørde skiløyper i perioden, trass i at det var satsingsområde til kommunen i førre plan. Det er to løypelag i kommunen som ynskjer å starte oppgradering av løpenett for betre og sikrare løyper. Våmur Løypelag søker i 2014 spelemidlar til tiltaka, men vil få avslag då dei ikkje er søknadsberettiga. Birtedalen løypelag ynskjer å søkje i 2015, dei er heller ikkje søknadsberettiga, og kan ikkje søkje utan at eventuelt eit idrettslag eller kommunen er inne som samarbeidspartner.



Kristian og Syver på skitur i Birtedalen

Eit oversyn over fylgjande anlegg som vart vedteke og prioritert i handlingsprogrammet dei seiste fire åra, ligg som vedlegg, sjå side 25.

Planen som har vore gjeldande i perioden 2011-2014 har vore eit godt administrativt verktøy, og ein dokumentasjon for å motivere lag og organisasjonar til søknad om spelemidlar på dei anleggsområda som kommunen har som satsingsområde.

Når det gjeld sjølve planen, ser ein klart forbettingspotensiale i utforming og struktur, og det er ynskje om mindre tekst og meir tal og bilete. Ein har sett nytteverdien av grundige diskusjonar i arbeidsgruppa rundt viktig tema, og ein har sett kor viktig det er å få resultata tydeleg fram i planen. Det er utarbeida spelemiddelprosedyre for Fyresdal kommune <http://www.fyresdal.kommune.no>, som visar til tidsfristar og rutinar for slike søknadar.

Frå 2014 ynskjer ein å gjere endringar i dette årshjulet, slik at framlegg frå lag og organisasjonar må vert klart til handsaming i formannskapet i september. Dette for å samordne desse sakene med formannskapet sitt budsjettframlegg for neste år.

5 Tilstandsrapport, fysisk aktivitet og helse

I fylge folkehelsebarometeret (kjelde: Telemark Fylkeskommune) er helsesituasjonen i Fyresdal bra på dei fleste av målområda. Vi ligger langt under landsgjennomsnitt og snittet i Telemark når det gjeld del av befolkning som har til dømes kols, type 2-diabetes, muskel og skjelett plager, psykiske symptom og lidingar, høgt blodtrykk og kolesterol. Det ser og ut til at det er god trivsel og lite mobbing på skulen.

Fyresdal ligg langt over snittet i høve prosent elevar i kulturskulen, og i talet på barne- og ungdomsforeningar pr. 1.000 barn.

5.1 Organisert Idrett (Idrettslag)

Skulebarn totalt 1.-10.kl+vgs	f.1995- f.2007	223 stk		Usikkerhet rundt avgangslister frå skulen for 1995-1997 årgang. Dei gjeng på vidaregåande og liknande nå, men vi har ikkje oversikt over om dei fortsatt er busett i Fyresdal.
Fyresdal Idrettslag	Barn 6 – 19 år	132 stk	59 %	
Fyresdal Skiskyttarlag	Barn 6 – 19 år	30 stk	13,45 %	Usikkerhet rundt kven som bur i kommunen, og om dei kan vere medlem i idrettslaget
Hugljufur	Barn 6 – 19 år	16 stk	7,14%	Kan hende at nokon er medlem i idrettslaget også?
Motorsport	Barn 6 – 19 år	12 stk	5,38 %	Kan hende at nokon er medlem i idrettslaget også?

Ein kan utifrå desse tala anslå at om lag 65-70% av barna er medlem i eit idrettslag, nokon sjølv sagt i fleire lag samstundes. I Fyresdal som i resten av landet er fråfallet stort i rundt 16- års alderen, og i Fyresdal skuldast det ofte at mange flyttar ut av kommunen når dei startar på vidaregåande skule.

5.2 Friluftsliv

Fyresdal Kommune har ein rik og variert natur. Det er store og flotte friluftsområde i kommunen, og dei siste åra har ein også jobba med å få til fine og funksjonelle friområde, som til dømes Bryggeparken.

Fyresdal Idrettslag har ei trimgruppe som mellom anna arrangerer Bispevegmarsjen og toppturar gjennom året. Bispevegmarsjen har eksistert i 30 år. Ti på topp går gjennom året, og er lagt opp slik at ein registrerer talet på toppar kvar einskild har besøkt på eit år. Ein kan velje mellom 15 turar og må ha vore på minst ti av desse for å vere med i konkurransen om flotte premiar. Det er lagt opp fellesturar til dei ulike toppane og andre turmål, ein dag i veka heile året. Det å kunne gå tur i eit fellesskap og med kjentmann gjer terskelen for å kome seg ut mykje lågare enn om ein skulle gått aleine. Dette er difor eit populært og viktig tiltak som kommunen ser særskilt positivt på. Turane er godt merka, og ein del av dei er merka med ”kommunale” skilt.

Kommunen har etablert seg som ein vandrarkommune, i samarbeid med nabokommunane i region Vest-Telemark. Dette er eit svært viktig tiltak som kan gje gode supplement til dei populære toppturane. Tanken er å få fokus på heile regionen som ein attraktiv destinasjon for vandrarar. Tilbodet skal vere breitt, og i Fyresdal er det Roan, Igletjønnuten og Kulturminneløypa i sentrum som er viktige ut som vandreløyper.

Satsingsområde framover bør vere å satse på merking/utvikling av turløyper som ikkje nødvendigvis er ein ”topptur”.



Når det gjeld ski og skiløyper er stoda slik pr. i dag

Løype	Ca km	Kva slags løype
Ljosløype på Veum	2-5 km	Oppkøyrd med prepareringsmaskin, svært bra
Birtedalen	35 km	Oppkøyrd med scooter og sporleggjar, godt merka, hyppig oppkøyrd. Grunnarbeid bør oppgraderast, og løypene leggjast kun til land.
Skvettedammen/Momrak/Lie	3-4 km	Oppkøyrd med scooter og sporleggjar, etter behov
Våmur	31 km	Oppkøyrd med scooter og sporleggjar, i helger, vinterferie og påske. Er i ferd med å forbetre løypenettet for å kunne køyre ved mindre snø og for å unngå vatn.

5.3 Idrett og integrering

Fyresdal kommune er eit fleirkulturelt samfunn, som over tid har busett flyktingar og ein stor del europeiske innflyttarar. Kommunen er liten og det er lett å få oversyn over tilgjengelege tilbod. Men relativt stor del innvandrarar gjev eit større press på samfunnstenestene og det psykososiale miljøet. Utfordringa har i periodar vore stor både for dei som flyttar til og for dei som allereie bur her. Fyresdal Idrettsråd jobbar no med å få til eit samarbeid mellom det offentlege, fritidsorganisasjonar og foreldregruppene, og har satt i gang eit to-årig prosjekt "Aktiv i Fyresdal", som eit delprosjekt under prosjekt "Heim=Fyresdal". Det er tilsett prosjektleiar i 30% stilling, frå 20.08.2013-01.07.2015. Stillingsstorleiken er redusert til 20% frå 01.07.2014. Hovudmåla i prosjektet er å få større grad av integrering og inkludering av barn- og unge i fritidsmiljøet i Fyresdal.

6 Nosituasjon for idrett- og friluftsliv i Fyresdal

For å kunne seie noko om framtidige behov for tilbod og anlegg, er det viktig å sjå på tilbod, status og anlegg pr. i dag.

Aktivitet	Aktivitet/tilbod	Stad	Anleggstatus
Fyresdal IL Fotball	Fotball jenter og gutter frå miniputt til A-lag	Gimle stadion Fyresdal Samf. Hus	Bra anlegg ute, ynskjer betre tilhøve for vinter trenings, fleir brukshall Har nytt klubbhus
Fyresdal IL symjing	Symjetrenings frå 6 år og oppover	Fyresdal symjehall	Gode tilhøve
Fyresdal IL turgruppa	Arrangerer toppturar og skiturar heile året	Skog og hei og fjelltoppar	Gode tilhøve
Fyresdal IL ski	Arrangerer skikarusell	Nyttar løypene på Veum	Gode tilhøve
Fyresdal IL barneidrettskulen	Arrangerer barneidrettskule	Nyttar alle anlegg	Bra
Fyresdal IL multisport	Arrangerer forskjellige aktivitetar 15 år og oppover	Fyresdal samfunnshus	Treng betre plass ved ballaktivitet
Fyresdal IL Innebandy		Fyresdal samfunnshus	Treng betre plass
Fyresdal Skiskytтарlag	Skiskyting og skiskyttaeskule frå 9 år og oppover	Veum skiskytterarena	Bra anlegg, ynskjer å oppdatere løpenettet
Fyresdal Skyttarlag	Miniatyrskyting, baneskyting	Hagedalsjordet skyttarbane	Bra anlegg, ynskjer å oppdatere skiver 200 m, stort behov for miniatyrskytebane
Hugljufur Islandshestforening	Ridegruppe frå 6 år og oppover	Dynja Ridebane	Dynja ridebane er under opparbeiding
Fyresdal Motorsport	RC, MC, mekking og scooter, NM i dragrace, scooter treff	Flyplassen	Har ynskje og planar om oppgradering av løyper og klubhus, står i handlingsprogrammet Betre tilhøve i "tårnet"
Tele-Agder Flyklubb	Mikroflyaktivitet og noko flyskule Liten aktivitet pr. 2014	Flyplassen	Ingen anleggsynskje
Fyresdal Aeroklubb	Småflyaktivitet Liten aktivitet pr. 2014	Flyplassen	
Fyresdal Tråvlag	Tråvestistar og trening av desse, medlem i alle aldersgrupper	Flyplassen	Travstall med god standard
Vest-Telen Modellflyklubb	Modellflyaktivitet	Flyplassen	Nystarta i 2014, veit lite om aktivitetsnivå

I følgje anleggsregisteret (idrettsanlegg.no) som registrerer anlegg som har søkt om eller fått spelemedilar, har Fyresdal kommune 74 eksisterande anlegg pr. februar 2014. Av desse er 9 nærmiljøanlegg, sjå vedlegg.
Nærmiljøanlegg ligg i all hovudsak knytt til Gimle skule.

Eigenorganisert idrett:

Det har kome på plass eit treningsenter i bygda som har eit brent spekter av tilbod, og som har omlag 150 medlemar. Sporty treningsenter tilbyr følgjande aktivitetar

Gruppetimar:

- Spinning
- Seniortrening
- Styrketrening i gruppe med instruktør
- TRX trening
- Cross-fit
- Kick boksing
- Aerobic
- Step og Power Step
- Dans

I tillegg er det mogleg å trenere individuelt på treningsapparat frå kl 06.00-23.00 kvar dag for medlemer på Sporty.

Andre uorganiserte arenaer for idrett i Fyresdal er:

Utområdet på Gimle skule, med skateramper, kunstgrasbane, streetbasket, ballbinge, leikestativ for born. Sandvolleyballbanen og ny grusbane ved hotellet til fotball er og arenaer som nyttast på sommarstid.

Alt dette er mykje nytta både i skule- og fritid. Det er særskilt viktig med slike uformelle arenaer, kor ein bare kan "kome" utan å gjere avtaler om treningsstid. Dette fangar opp dei som ikkje er med i organiserte tiltak, det er ein arena som alltid er tilgjengeleg, og som kan vere eit godt integreringstiltak.

Treningsapparat for vaksne er sett opp rett aust for Sparbutikken i sentrum, apparata er tenkt nytta som ein uformell arena for vaksne å kunne trenere ute på.



Det har kome eitt nytt idrettslag knytt til Idrettsrådet, Vest-Telen Modellflyklubb, men ein veit lite om aktivitetsnivået i dette laget.

Aktivitetsnivået er høgt i Fyresdal og til å vere ein så liten kommune, er det god breidde på tilboda innan idrett og friluftsliv.

7 Nosituasjonen for kulturbygg i Fyresdal

Når det gjeld kulturbygg er det og naudsynt å ha ein gjennomgang av nosituasjonen, for eventuelt å kunne seie noko om framtidige behov.

Bygg/stad	Eigar	Drivar
Hauggrend grendehus	Hauggrend grendelag	Hauggrend grendelag
Kyrkjestoga/Veum	Kyrkjestoga v/styret	Veum Grendelag
Fridheim/Veum	Ståle Knutsen	Ståle Knutsen
Veum grendehus	Fyresdal kommune	Fyresdal skiskyttarlag
Åsland grendehus	Fyresdal kommune	Åsland grendelag
Kleivgrend grendehus	Fyresdal kommune	Kleivgrend grendelag
Heggland grendehus	Fyresdal kommune	Heggland grendelag
Fyresdal samfunnshus	Fyresdal kommune	Fyresdal kommune
Fyresdal Folkebibliotek	Fyresdal kommune	Fyresdal kommunen
Vestkanten grendehus	Fyresdal kommune	Vestkanten grendelag
Birtedalen grendehus	Fyresdal kommune	Lagt ned pr. 01.01.2014
Kilegrend grendehus	Fyresdal kommune	Kilegrend grendelag
Museumsbygg	Fyresdal Bygdemuseum	Vest-Telemark Museum
Musikkbingen	Fyresdal kommune	Fyresdal kommune
Moland Kyrkje	Staten	Fyresdal sokneråd
Veum Kyrkje	Staten	Fyresdal sokneråd
Betel	Fyresdal sokneråd	Fyresdal sokneråd

Kommunen gjev årlege driftstilskot til grendehusa i kommunen. Ved ein gjennomgang av status og leigekontraktar på alle kommunalt eigde grendehus i 2013, har ein no kome fram til ein felles "standard" samt felles leige/driftsavtaler med drivarar av 6 grendehus i kommunen. I samband med dette vart det løyvd eingongstilskot til nokon av grendehusa for å ruste opp naudsynte område.

Fyresdal kommune har vedlikehaldsansvar for kyrkjene i Fyresdal. Kyrkjene er i god stand og blir også mykje nytta til kulturelle arrangement.

Fyresdal Bygdemuseum har lenge hatt ynskje om å sette opp eit nytt museumsbygg. I dag disponerer dei ulike hus i Øyskogen og nokre hus i Folkestadbyen. Det har vore planlagd eit nytt museumsbygg som skal romme utstillingslokale og sanitæranlegg. Det har og vore tankar om at Turistinformasjonen skal ha tilhald der.

8 Vurdering av aktivitet og framtidige behov

8.1 Innspel

Det har kome inn fylgjande innspel innan tidsfristen 15.05.2014:

Frå folkemøte (5 arbeidsgrupper) i prioritert rekkefølge:

	Anlegg	Kommentar
1a	Fleirbrukskall	Prioritet 1 i alle arbeidsgrupper, nærleik til skule er viktig, riv gamal gymsal, bruk tid på planlegging
1b	Ombygging av samfunnshus til kulturhus	Bør skje parallelt med bygging av fleirbrukskall, må ha scene og amfi Ei av gruppene vil ha vurdert mogleg museumsutstilling her
2	Skiløyper	Birtedalen og Våmur, system for oppkjøring, hjelp til å skaffe midlar Ei av dei 5 gruppene nedprioriterte skiløyper
3	Hamaren Aktivitetspark	Ta borna med på råd, freesbee, sti til Stykkjevik
	Akebakke/skileikeanlegg	Prioritet 4 i ei av gruppene
	Brukstilpassa flyrområde	Prioritet 4 i ei av gruppene
	Løpebane rundt fotballbane	Prioritet 4 i ei av gruppene
	Utvida rulleskitrase	Prioritet 6 i ei av gruppene
	Rydding av strender	Prioritet 7 i ei av gruppene
	Toalett nær Bryggeparken og i Stykkjevik	Prioritet 8 i ein av gruppene

Andre innspel:

Fyresdal Idrettslag årsmøteuttale av 02.03.2014

"Fyresdal idrettslag registrerer Fyresdal kommune sitt handlingsprogram – plan for kulturbrygg, idrett og friluftsliv der anleggstart for idrettshall i Fyresdal ligg inne først i 2017. Dette er alt for seint. Årsmøtet ber kommunestyret om å revurdere prioriteringane før neste rullering, søke alternativ finansiering og sikre at bygging av ein idrettshall kan starte så snart som råd."

Hugljufur Islandshestforening:

På lang sikt ynskje om stall og ridehall på Dynja

Førerdal Bygdekor

Ynskjer eit kulturhus med scene, lys, amfi og god akustikk

Våmur Løypelag

Oppfordrar kommunen til å vere meir aktiv som sokjar av spelemiddel, for å hjelpe lag med gode planar som er til allmenn nytte

Oppmodar kommunen til å jobbe langsiktig med å få ei flyttbar løypemaskin

Viktig med parkering for dagsturistar

Auke tilskot til driftsstøtte til oppkjøring av løyper, som pr. i dag er kr 50.000 for heile kommunen



Løypeskilt frå Granbustøy

3.2 Vurdering av behov

Innmeldte behov og ynskje i planprosessen frå innbyggjarar i kommunen, syner at det i hovudsak er ynskje om følgjande prioritering:

1	Fleir brukshall
2	Ombygging av samfunnshus til kulturhus
3	Skiløyper
4	Hamaren Aktivitetspark
5	Akebakke/skileikeanlegg i Hamaren
6	Brukstilpassa flyområde
7	Løpebane rundt fotballbane
8	Utvira rulleskitrasse
9	Rydding av strender
10	Toalett nær Bryggeparken og i Stykkjевika
11	Ridehall på Dynja
12	Museumsbygg

Hytteundersøking og resultat frå "Heim=Fyresdal"

I tillegg til innspel undervegs i prosessen med planen, har det vore gjennomført ei hytteeigarundersøking mellom anna for å kartlegge kva for kultur og fritidstilbod hytteeigarane brukar i dag, svarar dei slik:

Skiløyper	63%
Turstigar	67%
Symjehall	10%
Konsertar i Folkestadbyen	12%
Arrangement på Meieriet	6%
Olsokdagane	24%
Kvift Gjestegard	47%
Fyresdal Bygdemuseum	19%
Arr. på Fyresdal flyplass	13%

I samband med "Heim=Fyresdal" vart det laga eit forstudie av Vest-Telemark Næringsutvikling i november 2013. Kommunen ynskjer å rekruttere utflytta fyresdølar mellom 20-40 år til å flytte heim att. Så nær som alle utflytta fyresdølar mellom 20 og 40 år er blitt kontakta på telefon, e-post, sms eller Facebook. Det var ein svarprosent på 53,1 prosent.

Nedanfor er lista opp dei forslag/innspel som har relevans for denne planen.

- ➔ Jobbe for eit tilrettelagt kulturhus med tilhøyrande kulturtilbod
- ➔ Arbeide for fleir brukshall
- ➔ Eit godt løypenet for snoscooter
- ➔ Betre skiløypetilbod

Når ein ser alle desse innspela i denne samanhengen, kjem det klart fram at fleir brukshall, tilrettelagt kulturhus, betre skiløypetilbod og løypenett for snøscooter er det som går att på toppen av "Ynskjelista".

Prioritering av behov anten det gjeld anlegg eller aktivitet må ikkje vere basert på tilfeldige ynskje. Fyresdal kommune må sjå på anleggsbehovet opp mot attraktivitet, moglegheit for uorganisert aktivitet, tilgjenge og fleirbruks/fleiridrettspotensial. Det er ei utfordring å fordele midlar til anlegg på best mogleg måte. I Fyresdal er vi så heldige å ha eit definert sentrum, kor det er naturleg at dei "tyngste" anlegga ligg, t.d. symjehall, eventuell idrettshall, samfunnshus, og det er etter måten enkelt å finne ut kor anlegg bør vere.

Interkommunalt samarbeid er eit viktig satsingsområde for Telemark Fylkeskommune gjennom strategiplanen for idrett og friluftsliv. Utfordringane i Fyresdal kommune når det gjeld slik satsing, er dei store geografiske avstandane. Det er urealistisk å tenke sambruk av idrettshall med til dømes Tokke eller Nissedal, til dagleg trening. Det er rett og slett for langt, vil krevje transport av foreldre på vekebasis, noko som fort igjen fører til "eliteutøvarar". Skiskyttararenaen på Veum blir nytta av ungdom frå kringliggjande kommunar, t.d. Nissedal, Tokke og Kviteseid. Ein kan og sjå føre seg at ein samarbeide på tvers av kommunegrenser når det gjeld t.d. oppkøyring av skiløyper, eventuelt gå saman om innkaup og drift av oppkøyningsutstyr.

8.3 Idrett

Generelt kan ein sei at anleggsdekkinga er god i Fyresdal. Det blir viktig å prioritere anlegg som kjem flest mogleg til nytte, samt og stø opp om dei initiativ og den interessa som til ein kvar tid er i dei ulike laga. Men i planlegging av anleggsarbeid og søknadsarbeid, er det viktig med langsiktig tenking og god tid.

Nedanfor er nemnt og vurdert dei viktigaste anlegga som vi veit det er ynskje om utvikling rundt.

FLEIRBRUKSHALL:

Det har vore eit gjennomgåande tema i mange år at det er behov for ein idrettshall/fleir brukshall i bygda. Idrettslaget har med jamne mellomrom fått ein hall inn i handlingsprogrammet, men dette har blitt skuva fram i tid, eller tatt vekk, under den politiske prioriteringa.

Mangel på eit godt innandørs tilbod legg ein stor dempar på idretts- og aktivitetsarbeidet i bygda. Dagens fasilitetar med gымsal på Gimle skule og storsalen på samfunnshuset vert nytta aktivt, men er ei nødløysing. For alle idrettsgreiner som er aktive i Fyresdal i dag, ville moglegheitane for meir innandørstrening i ein fullverdig idrettshall vore med å bidra til betre rekruttering, betre treningsgrunnlag for dei som er aktive, nye aktivitetar for dei som ikkje finn seg til rette i dagens tilbod, samt generelt sett auka trivsel for skuleungdom og vaksne. Fyresdal kommune sin attraktivitet som tilflyttarkommune vil også styrkast ved eit slikt tilbod.

Kulturbasert næringsutvikling vil få ein god arena, med moglegheit for å ta imot store grupper, halde konserter, messer osb. Fyresdal kurs og leirstad vil kunne take imot større grupper, når dei kan tilby mogleg konsertarena med større plass enn det samfunnshuset kan ta i dag.

FYRESDAL SKISKYTTLARLAG

Skiskyttararenaen på Veum er i veldig god stand, men det er ynskje om å oppdatere løypenettet på sikt. Med den noko usikre snotilgangen ein har hatt dei seiste åra, er snokanon og eit ynskje frå skiskyttarlaget. Det er viktig for å kunne få lengre treningssesong og kunne arrangere større stemne, også nasjonale

Det blir arrangert fleire stemner i året og klubben har planar om å arrangere "miniblinkfestival".

FYRESDAL SKYTTARLAG

Skyttarlaget sitt anlegg på Hagedalshavet er i generelt god stand med klubhus og skytebanar.

Dei må investere i nye 200 m skiver, og vil gjennomføre dette arbeidet no i 2014. Det er viktig for skyttarlaget at anlegget er oppdatert, elles mistar folk interessa og det kjem færre deltakarar og tilskodarar til stemner. I tillegg er det viktig med betre tilhøve til miniatyrskyting, noko ein må vurdere i samband med ein eventuell fleirbrukshall.

HUGLJUFUR ISLANDSHESTFORENING:

Hugljufur islandshestforening er i gang med å lage utandørs ridebane på Dynja, har søkt og fått spelemidlar til anlegget. Viktig for hestemiljøet å ha ein samlingsplass i sentrum. Dei har og eit langsigkt ynskje om innandørs ridehall

FYRESDAL MOTORSPORTKLUBB:

Klubben er i stadig utvikling, og arrangerer årleg to store arrangement, dragrace i juli og snoscooterløp vinterstid. Klubben nyleg også laga eit flott RC anlegg ved flyplassen. Dei ynskjer på sikt å utbetre trasear og får betre tilhøve innandørs. Dei har behov for betre toalettilhøve, spesielt under arrangement.



FYRESDAL FLYPLESS:

Den nye RC-banen på flyplassen Flyplassområdet blir nytta i større grad enn tidlegare som møteplass ved større arrangement, og det er viktig å sjå på "tårnet" sine fasilitetar som no er veldig dårlig og utdatert. Dette er fyrsteinntrykket til gjester på flyplassen. RC anlegget som motorsportklubben har anlagt ved tårnet er eitt av dei beste i Noreg, slike anlegg kan trekke store arrangement til bygda. Det er stort behov for betre toalettfasilitetar.



Bilete til høgre er frå RC banen på flyplassen

GENERELET OM IDRETT:

Elles har ein vore opptekne av å vedlikehalde og oppretthalde tilbod på dei områda vi har i dag, og vidareføre desse. Vi har eit svært aktivt idrettslag med undergrupper, som skiskyttarlag, skyttarlag, motorsportklubb, islandshestforening og flyklubar. Det blir viktig frå kommunen sin side å stø opp under initiativ frå deira hald og motivera til utvikling innan gruppene.

8.4 Friluftsliv

Som i resten av landet synes det å vere ei aukande interesse for toppturar, tur og skigåing generelt.

TOPPTURAR:

Det er 15 merka toppturar/turstigar som turgruppa i Idrettslaget vedlikehald. Det er organiserte turar ein gong pr. veke heile året. Her har toppturgruppa gjort ein flott jobb, og det blir viktig å stimulere det vidare arbeidet til denne aktive gruppa.

BADESTRENDER:

Rydding og tilrettelegging av badestrender som og må innehalde toalett.

VANDRARKOMMUNE:

Fyresdal profilerer seg som ein av vandrarkommunane i Vest-Telemark. Det blir viktig å halde fram med dette arbeidet

JAKT OG FISKE:

Jakt og friluftsinteressa er stor i Fyresdal, og dei flotte heirområda er viktig for innbyggjarar, hyttefolk og tilreisande. Fiskebustøylen på Valebjørgsheia har satsa stort på utelege av hytter spesielt til fiskeinteresserte. Det er nok eit stort potensiale for denne type turisme i bygda.

HAMAREN AKTIVITETSPARK:

Det seiste året har ein jobba med å gjere Hamaren meir tilgjengeleg og attraktiv for fleire. Dette er eit delprosjekt under prosjekt "Heim=Fyresdal" og målet er å bidra til god folkehelse, ved å legge til rette for fleire aktivitetar som skal vere lett tilgjengelege for fleire målgrupper i Fyresdal sentrum. Målet er å lage meir universelt utforma turstigar, møteplassar, bruer, skiløyper, BMX løyper osb.

FRILUFTSRÅD:


Mogleg etablering via Vest-Telemark Rådet.

SKILØYPER:

Kommunen si satsing på folkehelse burde tilsei at ein satsar på tilrettelegging og oppkøyring av skiløyper i for Fyresdal kommune, som det pr. i dag er for lite av

Kommunen har ikkje skitrekk/alpinanlegg, men med Vrådal og Gautefall som nærmaste naboar er alpinanlegg heller ikkje naturleg. Desto viktigare blir det å ha eit godt løopenett med oppkøyrd løyper, både meir sentrumsnært og i heia.

Det har kome klare ynskje frå innbyggjarar, hyttefolk og "Heim=Fyresdal" prosjektet om dette.



8.5 Kulturbygg

SAMFUNNSHUS:

Fyresdal samfunnshus er i dag både idrettshall, ungdomsklubb, kino og kommunens storstoge/kulturarena. Her arrangerast alt frå konserter til idrettsarrangement. Huset er ikkje spesielt godt eigna til nokon av delane, i tillegg er det overbooka. Det er sterke ynskje om betre tilhøve frå fleire hald. Det er behov for ein kulturarena med amfi, lysrigg og scene.

Det er ein belastning med riggejobb ved kvart arrangement på samfunnshuset slik det er i dag. Fyresdal samfunnshus bør byggiast om til reint kulturhus parallelt med bygging av fleirbruks hus.

FYRESDAL BYGDEMUSEUM:

Bygdemuseet har veldig dårlige utstillingslokale, og det er sterke behov, og ynskje, frå lokalt museumsstyre og hovudstyre i Vest-Telemark Museum om å få til eit nytt museumsbygg. Tilhøva i eksisterande lokale er så dårlig at gjenstandar blir lånt ut under tvil til utstilling i lokal. Vest-Telemark Museum har i sine langtidsplanar ynskje om å prioritere dette, men det er naudsynt at kommunen også bidrar økonomisk i ei slik satsing.

KYRKJENE MED BETEL:

Både kyrkjene i Fyresdal er i brukbar god stand, og dei vert haldne ved like så godt som det let seg gjere ut frå økonomi og dispensasjon. Kyrkjene er såkalla listeførte kyrkjer, det vil seie at ein ikkje kan endre på noko utan å søkje biskopen om lov. Slik desse kyrkjene er bygde, så egnar dei seg best til gudstenester med enkle kyrkjekaffiar og til konsertlokale. Dei har god akustikk og er utrusta med svært gode orgel. Pianoet i Moland kyrkje er ikkje optimalt, og det er eit sterkt ynskje om å få økonomi til å investere i eit flygel.

Kyrkja har i mange år hatt trøng for eit eige lokale til større kyrkjekaffiar og samlingar, og dette fekk vi i 2012 ved å overta bedehuset Betel. Dette er, og blir pussa opp på ein enkel, men tenleg måte, og høver godt til ulike samlingar og selskap. Ein kan fint dekkje bord til 80 personar der.

GRENDEHUSA:

I 2014 vart arbeidet med ein gjennomgang av dei kommunalt eigde grendehusa avslutta. I kjølvatnet av dette arbeidet kan ein sjå at det er svært aktiv og god bruk på nokon av husa, mens andre er i mindre bruk. Eit resultat av gjennomgangen vart at grendehuset i Birtedalen vart vedteken lagt ned. Ein bør kanskje på sikt vurdere om det er naudsynt å oppretthalde alle dei kommunalt eigde grendehusa.



Veum Kyrkje



Fyresdal samfunnshus



Fyresdal samfunnshus

9 Vedlikehald, drift og ansvar

På nasjonalt plan ser ein at anlegg skapar aktivitet. Og aktiviteten er størst der anlegga er godt haldne ved like.

Ressursar til drift og vedlikehald av idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, leikeplassar og friområde har ikkje blitt fylgt opp budsjettmessig i Fyresdal kommune. Konsekvensen av dette er redusert vedlikehald på fleire område. Dersom anlegga skal brukast aktivt, må dei vere godt haldne ved like og utstyrt, slik at folk får lyst til å bruke anlegga.

Dei seiste åra er midlar til drift og vedlikehald stagnert i kommunen, medan anlegga blir fleire (t.d. uteområde ved Gimle, bryggjeparken osb.) Tilgjengelege midlar blir prioritert opp mot andre driftstoppgåver som teknisk etat/Fyresdal kommune har.

Fokus på drift og vedlikehald må opp på eit høgare nivå enn tidlegare, noko som er i tråd med målsettingar og krav frå sentralt hald når det gjeld anlegg som mottek spelemidlar, jfr. vedlagte mal for handlingsprogram.

I arbeidet med handlingsprogram og rullering av dette kvart år, vil kostnadene til drift og forvaltning av anlegg kome klart fram av skjemaet frametter. Dette er viktig for å synleggjere at når anlegget er ferdig, vil det i større eller mindre grad krevje vedlikehald. Det vil også synleggjere kven som har ansvaret for vedlikehaldet.

10 Tiltak

Tiltaka er ikkje i prioritert rekjkjefylge, sett bort frå dei to fyrste, som bør prioriterast først og samstundes.

Tiltak	Korleis	Når	Invest. budsjett	Drift-budsjett	Ansvar
Realisere fleirbruks Hall snarast råd	Vedtak i budsjettmøtet Haust 2014	2017	Ja	Ja	Fyresdal kommune/ Idrettslaget
Tilpassa samfunnshuset slik at det blir eit kulturhus	Vedtak i budsjettmøtet Haust 2014	2017	Ja	Nei, ikkje auk	Fyresdal kommune/ Kulturavdelinga
Stimulere til oppkjøring	Auke tilskot til	2015	Nei	Ja	Fyresdal kommune/

av fleire skiløyper både i turområde i fjellet og nærmiljøet i sentrum	oppkøyring av løyper				Kultur/avd. bygdeutvikling
Fullføre Hamaren Aktivitetspark	Gjennomføre prosjektplanen	2015	Nei	Ja	Prosjektleiar Momrak Haugan
Auke tilskot til idrett og kulturføremål	Budsjettarbeid Haust 2014	2015	Nei	Ja	Fyresdal kommune/ Kulturavdelinga
Tilrettelegge gode badestrender med tilgjenge til toalett	Dialog med grunneigar/ Få avsett midlar på investeringsbudsjett	2016	Ja	Ja	Fyresdal kommune/ næringsavdelinga
Bidra økonomisk til at Fyresdal Bygdemuseum får betre utstillingslokale	Budsjettarbeid når planer er klare frå museumet si side	?	Ja	Nei	Vest-Telemark Museum, lokalt museumsstyre Fyresdal kommune
Stimulere til merking av turløyper av alle slag	Oppmode til friviljug aktivitet Auke kulturmidlar	2015	Nei	Ja	Fyresdal kommune/ Kulturavdelinga
Kaue inn mobile toalett til bruk/utleige ved større arrangement i bygda	Få avsett midlar på investeringsbudsjett	2016	Ja	Ja	Fyresdal kommune/ kulturavdelinga med press frå lokalt næringsliv





Takk for turen!